

Flora Turlag styremøte, 31. mai 18.00 – 20.00

Deltakarar: Siv, Anders, Sunniva, Bengt og Karen(referent).

1. Godkjenning av retningslinjer for kursstøtte

Samrøystes godkjent av styret.

2. Henvendelse frå Signe ang nye turar på dagtid

Tilbodet vil være ut på hausten og er ein forlenging av vårt eksisterande tilbod.

Vedtak: Styret er positive til å teste ut dette ved å ha en testperiode også ein evaluering.

3. Spørsmål frå Signe ang fellesbetaling på båtane - vi gikk bort frå det under covid

Vedtak: Styret held seg til eksisterande ordning med betaling enn så lenge.

4. Offisiell opning Børabu

Vi treng ei digital rute før vi kan opne hytta offisielt. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

5. Nytt om stien frå Strømsnesstøylen til Børabu

Området kan bli lagt ut som kulturområde i statleg samanheng. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

6. Vidare arbeid med Kinn hytta, kva gjer vi og kven gjer kva?

Ein del småting å gjere, Anders sjekkar tilbod med snikkarar for å få jobbane gjort. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

7. Blåbrebu

Stioppgradering Blåbrebu. Får ein pott frå Ålfotbreen Landskapsvernområde, og Stig tar på seg eit par oppgåver. Vurderer ei eventuell bru til neste år. Må også ha opp ein pipehatt, samt lagar til ei badstue. Det er snakk om å kjøpe inn ein båt/ samanleggbare kano.

Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

8. Gjejnabu

Det jobbast med sikringsbu: Ei gruppe er i gang og har vore på synfaring. Skal kome med plan og kostnad til årsmøte i november 2022. Av anna dugnadsarbeid skal det flygast opp ei ny dør, samt det jobbast med ny utedo. Her ser dugnadsgjengen på ei ny løysning.

Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

9. Børabu

Ventar på flyging og Arild jobbar med doen som skal opp. Litt maling gjenstår så er hytta klar til bruk. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

Det er også komt gassalarm i alle hyttene.

10. Naust for kajaker - veien vidare?

Naust til leie i Florø som kanskje kan være aktuelt for oss. Vi sjekkar dette ut nærmare.

Vedtak: Styret tar orientering til vitande.